

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for næring, kultur og idrett  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 07.09.2015  
**Tid:** 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 31.08.2015

Bjørn Otterlei  
Leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 46/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/15	Protokoll frå førre møte
PS 48/15	Delegerte saker
PS 49/15	Referatsaker
PS 50/15	Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2014
PS 51/15	Søknad om RDA- midlar. Kvalsvik grendalag.
PS 52/15	Søknad om RDA-midlar. Oppgradering av barne- og ungdomslokale Herøy Frikyrkje.
PS 53/15	Handlingsplan for næringsretta utviklingstiltak 2016. Kompensasjon for arbeidsgjevaravgift.
	<b>Delegerte saker:</b>
DS 1/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 2/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 3/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 4/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 5/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 6/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 7/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 8/15	Kulturføremål - Søknad om tilskot 2015
DS 9/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 10/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 11/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 12/15	Kulturformål - søknad om tilskot 2015
DS 13/15	Kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 14/15	Kulturføremål - Søknad om tilskot 2015
DS 15/15	Kulturføremål - Søknad om tilskot 2015
DS 16/15	Kulturføremål - Søknad om tilskot 2015
DS 17/15	Avslag - kulturformål - søknad om tilskudd 2015
DS 18/15	Avslag - kulturføremål - Søknad om tilskot 2015

DS 19/15

Avslag - kulturformål - søknad om tilskudd  
2015

**Referatsaker**

RS 7/15

Fordeling av kulturmidlar 2015

RS 8/15

Møte/referat på "Slippen" 19.05.15

RS 9/15

Husk å annonsere SkatteFUNN og  
garantifristen 1. september!



PS 46/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 47/15 Protokoll frå førre møte

PS 48/15 Delegererte saker

PS 49/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/739
		Arkiv:	004

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
50/15	Komite for næring, kultur og idrett	07.09.2015
	Kommunestyret	24.09.2015

### ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2014

#### Tilråding frå rådmannen:

Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2014 vert godkjend.

Særutskrift:  
Herøy Frivilligsentral v/dagleg leiar  
Herøy Frivilligsentral v/styreleiar  
Kulturavdelinga

**Vedlegg:**

Årsmelding 2014

Årsrekneskap 2014

**Saksopplysningar:**

I § 4 H i vedtektene for Frivilligsentralen i Herøy vedtekne i kommunestyret 25.10.2012 heiter det:

*«Årsmøtet for frivilligsentralen er Herøy kommunestyre. Styret i FS behandlar årsmelding og rekneskap, samt framlegg til val av styre for FS innan 1. april.»*

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmann rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 24.05.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Kulturleiar

## Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2014.

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna.

Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

<b>Økonomi:</b> Tilskot KKD 315 000,- Tilskot eigar 457 541,- Prosjekttilskot IMDI «mat og prat» 20 000,- Intern overføring frå NAV til «språklunch» 20 000,- Intern overføring frå Pleie og omsorg til middagsombringning 55 000,- RDA midler til «Dansegalla» 50 000,- Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,- Gåver Marine Harvest 6470,- Rekneskapen syner eit overskot på kr. 49 015. Av dette vert kr. 44 548 avsett til bundne fond til prosjekt som skal vidareførast. Resultat etter avsetning syner eit overskot på kr. 4 467,-.	
<b>Organisasjon:</b>	
Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valgt) Nestleiar: Geir Myksvoll Lande, vara Åse Nørem Bø. (Kyrkja) Styremedlem: Elsie Hagen, vara Terje Krogset (Pensjonistforeninga) Styremedlem: Åshild Ørnhaug, vara Anne-Cathrine Holmesland. (Sanitetsforeninga) Styremedlem: Kurt Are Skarbø, vara Remi Vattøy. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % Britt Paulsen.
Møter/kurs/konferanser:	Styremøter 6, arbeidsgruppe julefest 2, natteravn 3, kulturgruppe 13, statusmøter 12, tilflyttardag 2, NAV 1, arbeidsgruppe tjukkaskjengen 4, nettverksamling og samarbeidsprosjekt 7, komite for maritim sommarfestival 3, arbeidsgruppe mat og prat 1, Dansegalla 1, TV aksjon 4, temadag kulturgruppe 1, samarbeidsmøter pleie og omsorg 4, arbeidsgruppe internasjonal julefest 3, kurs i rammevilkår frivillige org., regionskonferanse, fylkeskulturkonferanse, frukostseminar bulystprosjektet 2, Kulturleiar møte 1.



<b>Tenester:</b>	
Frivillige lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utleige av lokaler: Bergsøy handball, personskadeforeninga, Herøy kameraklubb, Herøy hundeklubb, Herøy senioruniversitet, NFU, Herøy idrettsråd, Redningsselskapet ung, Fosnavågaren Velforening, YHU med innsats for andre, Fosnavåg Rock og Herøy videoklubb.</li> <li>• Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til kommunen og frivilligsentralen.</li> <li>• Stands og dansevakter festivalar.</li> <li>• Hjelper til med rekruttering av medlemmar.</li> <li>• Søknadsfrister tilskot.</li> <li>• Frivilligprisen, vi fekk inn 7 forslag, juryen peikte ut Saroya og Jeyakumar for sitt mangeårige engasjement i Herøy kyrkje. Prisen består i ein plakat som er laga av Svein Olav Hatlen og ei pengegåve på 5000,- som i år vart give av Herøy kommune.</li> </ul>
Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og forebyggjande folkehelse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Mat og prat</b> har vi arrangert to gongar i år.</li> <li>• <b>Språklunch</b> ein gong pr veke, fortrinnsvis vaksne med ulik nasjonalitet og bakgrunn, 2 frivillige har ansvar for det praktiske. Målet med denne gruppa er å øve på Norsk språk og få nye vener. Vi har også invitert folk frå ulike frivillige lag og organisasjonar til å delta heilt uformelt, med tanke på inkludering.</li> <li>• <b>Tjukkasgjengen</b> 5 dagar pr veke, både rolige og raske turar, dei går i ulikt terreng på fjell og veg. 10-25 personar kvar gong. Arbeidsgruppe på 9 personar, som har ansvar for turprogram, gjennomføring av turane og facebook. 5 stk deltok på landstreff for tjukkasgjengen i Sarpsborg, her vart chapter Fosnavåg kåra til årets beste tjukkasgjeng av verdens 354 trimgrupper.</li> <li>• <b>Internasjonal julefest</b> i Herøy kyrkje. Samarbeid mellom Herøy kyrkje, Herøy frikyrkje, NAV, Internasjonal skule og Frivilligsentralen.</li> <li>• <b>Strikkekafe`</b> ein gong pr veke, ein person frå bu – og habilitering med miljøarbeider har ansvar for dette.</li> <li>• <b>Babytreff</b>, ein gong pr veke. To småbarnsmødre har hatt ansvar for desse treffa og det har vore bra besøkt.</li> <li>• <b>Eldrebolgen</b>, vart først starta opp i Myrvåg i mars, sidan på Eggesbønes i april. Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga og frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs.</li> <li>• <b>Tilflyttardag</b>, frivilligsentralen er med på å arrangere dette.</li> </ul>


	natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ragna på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene.
<b>Samarbeidspartar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frivillige lag og organisasjonar.</li> <li>• Kulturavdelinga.</li> <li>• Komiteen i Maritim festival.</li> <li>• Arbeidsgruppe i internasjonal julefest soknerådet, frikyrkja, NAV, internasjonal skule</li> <li>• Natteravnar: ungdomsarbeidar, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet,</li> <li>• TV aksjonen: Kyrkjene, Sparebanken Møre,</li> <li>• Pleie -og omsorgsavdelinga.</li> <li>• Bu -og habiliteringsavdelinga.</li> <li>• NAV flyktning og Internasjonal skule.</li> <li>• Ytre Herøy ungdomskule.</li> <li>• Bulystprosjektet.</li> </ul>
<b>Marknadsføring</b>	Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Herøynytt, Regionavisa, Nærnett, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, rullopp, stand, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar.
<b>Hovedutfordringar/prioritering 2015.</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen.</li> <li>• Flytte i nye lokaler på Herøy kulturhus og finne oss til rette der.</li> <li>• Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og forebyggande folkehelse.</li> <li>• Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.</li> </ul>	



Tjukkasgjengen Chapter Fosnavåg på Keipen (Skorpa)


	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>TV Aksjon</b>, gjekk i år til kirkens nødhjelp, det vart i tillegg til sjølve aksjonsdagen arrangert «vatn i sentrum» dagen før der fleire lag og organisasjonar var med på å lage til aktivitetar.</li> <li>• <b>Dansegalla for utviklingshemma</b>, vart arrangert på Herøy kulturhus i oktober, samarbeidsprosjekt mellom tysdagsklubben, NFU og frivilligsentralen. Deltakarar frå mange ulike kommuner på Sunnmøre og Nordfjord.</li> <li>• <b>Vaffeldagen</b>, 25.mars. Fleire frivillige stilte opp å steikte vafler, vi fekk sponsa eit vaffelhjarn som vart gitt etter loddtrekning til ein av dei besøkande.</li> <li>• <b>Strikketreff i Stryn</b>, alle på strikkekafeen fekk tilbod om å vere med på besøk til strikkekafeen i Stryn. Vi var 11 stk i alderen 21 – 82 år som tok turen. Dette var sosialt og kjekt for alle, med eller utan helsemessige utfordringar.</li> <li>• <b>Den kulturelle spaserstokken</b>, vi er med å hjelper til litt med maknadsføring og enkelte arrangement.</li> <li>• <b>PIR festival</b>, vi hjalp til med arrangementet.</li> <li>• <b>Opningskonsertane i Fosnavåg konserthus</b>, vi hjalp til under arrangementet.</li> <li>• <b>Innsats for andre</b> med hyggekveldar for eldre og aktivitet på Herøy omsorgssenter.</li> <li>• <b>Grunnlovsjubileet</b>, alle frivilligsentralane på Sunnmøre samarbeidde om felles varettenning 16.2,dette måtte diverre avlysast pga totalforbud mot open eld.</li> </ul>
Hjelpetenester	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Middagsombringning</b> har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 9 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjerelse og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. Det har siste åra vorte vanskelegare å rekruttere nye sjåførar, noko som gjer at vi må sjå an månad for månad om vi har ressursar til å utføre denne tenesta.</li> <li>• <b>Hørselhjelp</b>, personar frå hørselsforbundet kjem to gongar pr månad og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Dei har også arrangert hørselstest i år.</li> <li>• <b>Sjukehusfølge</b>, vi har hatt nokre følger i år, oppdraga kjem fortrinnsvis frå pleie og omsorgsavdelinga men private kan også henvende seg til oss for å få hjelp til dette. Det er 2 frivillige som tek desse oppdraga.</li> <li>• <b>Datakurs</b>, kurs for nybegynnalar hadde vi i januar, vi var også ein av møteplassane i landet under seniorsurfdagen.</li> <li>• <b>Natteravnar</b>, har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere</li> </ul>


Fosnavåg 20.mai 2015

  
-Sigurd Nygard, styreleiar-

  
-Geir Myksvoll Lande-

  
-Kurt Are Skarbø-

  
-Britt Paulsen, dagleg leiar-

  
-Åshild Ørnhaug-

\_\_\_\_\_  
-Elsi Hagen-



Konto	Konto(T)	Spesifik	Spesifik(T)	Rekneskap (1)	Oppr.bud (1)	Rev.bud (1)	Avvik (1)
11800	Straum			1 794	0	0	-1 794
14290	Moms generell kompensasjonsordning			448	0	0	-448
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen			-448	0	0	448
<b>231</b>	<b>Aktivitetstilbud barn og unge</b>			<b>1 794</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 794</b>
10100	Fast lønn			401 992	393 467	393 467	-8 525
10200	Vikarar	40020	MAT OG PRAT	843	0	0	-843
10200	Vikarar			1 385	0	0	-1 385
10200	Vikarar	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	1 698	0	0	-1 698
10209	Variabel tillegg vikarar			2 293	0	0	-2 293
10300	Ekstrahjelp			0	20 000	20 000	20 000
10500	Løn- og trekkpliktig godtgjersle			6 000	0	0	-6 000
10508	Diverse lønnsutbetaling			1 927	0	0	-1 927
10900	Pensjon			78 298	83 080	83 080	4 782
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring			900	822	822	-78
10990	Arbeidsgiveravgift	40020	MAT OG PRAT	69 390	70 012	70 012	622
10990	Arbeidsgiveravgift			119	0	0	-119
10990	Arbeidsgiveravgift	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	239	0	0	-239
11000	Kontormateriell			869	4 000	4 000	3 131
11001	Papir			352	0	0	-352
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifter			0	1 300	1 300	1 300
11051	Anna undervisningsmaterieill			0	1 000	1 000	1 000
11150	Matvarer	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	4 315	0	0	-4 315
11150	Matvarer	40214	Språklunch	15 450	0	0	-15 450
11150	Matvarer			10 291	15 875	15 875	5 584
11150	Matvarer	40020	MAT OG PRAT	5 704	0	0	-5 704
11151	Servering møter, kurs, representasjon			9 272	4 000	4 000	-5 272
11151	Servering møter, kurs, representasjon	40214	Språklunch	1 254	0	0	-1 254
11151	Servering møter, kurs, representasjon	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	3 891	0	0	-3 891
11200	Reinholdsmateriell			749	2 000	2 000	1 251
11202	Velferdstiltak			6 519	4 000	4 000	-2 519
11203	Anna forbruksmaterieill			1 966	2 000	2 000	34
11203	Anna forbruksmaterieill	40020	MAT OG PRAT	207	0	0	-207
11203	Anna forbruksmaterieill	40214	Språklunch	264	0	0	-264

Område(lik) : ; Ansvar(lik) : 4021 ; Funksjon(lik) : ; Prosjekt(lik) : ; Spesifik(lik) : ; Konto(lik) : 1\* ; Periode(større enn eller lik) : 201401 ; Periode(mindre eller lik) : 201412 ;  
Firma(lik) : \$CLIENT

Konto	Konto(T)	Spesifik	Spesifik(T)	Rekneskap (1)	Oppr.bud (1)	Rev.bud (1)	Avvik (1)
11205	Hotellopphald og liknande utanom kurs			1 569	0	0	-1 569
11208	Diverse utgifter			1 952	0	0	-1 952
11208	Diverse utgifter	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	1 352	0	0	-1 352
11300	Porto			1 124	3 000	3 000	1 876
11301	Telefoni			1 833	5 000	5 000	3 167
11301	Telefoni	40214	Språklunch	150	0	0	-150
11302	Banktenester og gebyr			295	0	0	-295
11400	Annonser og reklame			5 028	0	0	-5 028
11400	Annonser og reklame	40213	TJUKKASGIJENGEN	1 862	10 000	10 000	8 138
11500	Kursutgifter			0	3 000	3 000	3 000
11501	Opphaldsutgifter kurs			0	2 000	2 000	2 000
11600	Reiseutgifter, oppgavepliktige			28 638	50 000	50 000	21 362
11601	Diettgodtgjersle, oppgavepliktige			519	3 000	3 000	2 481
11703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige			2 427	5 000	5 000	2 573
11800	Straum			8 694	26 000	26 000	17 306
11900	Husleige			156 000	156 000	156 000	0
11951	Lisenser			10 978	8 000	8 000	-2 978
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler			15 438	10 000	10 000	-5 438
12001	Verktøy og utstyr			512	0	0	-512
12003	Kjøp av kontormaskiner			4 684	7 000	7 000	2 316
12200	Leie (operasjonell leasing) av driftsmidler			1 916	0	0	-1 916
12300	"Vedlikehold og byggetjenester			630	8 000	8 000	7 370
12400	Serviceavtaler og reparasjoner			0	4 000	4 000	4 000
12600	Renhold, vaskeri- og vaktmestertjenester			9 529	0	0	-9 529
13700	Kjøp fra andre (private)			40 000	0	0	-40 000
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	1 257	0	0	-1 257
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40213	TJUKKASGIJENGEN	15 666	26 191	26 191	10 525
14290	Moms generell kompensasjonsordning			338	0	0	-338
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	610	0	0	-610
14290	Moms generell kompensasjonsordning	40214	Språklunch	5 000	0	0	-5 000
14700	Overføringer til andre			6 470	0	0	-6 470
15500	Avsetning til bundne fond						
15500	Avsetning til bundne fond	40020	MAT OG PRAT	13 000	0	0	-13 000
15500	Avsetning til bundne fond	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	25 078	0	0	-25 078

Område(lik) : ; Ansvar(lik) : 4021 ; Funksjon(lik) : ; Prosjekt(lik) : ; Spesifik(lik) : ; Konto(lik) : 1\* ; Periode(større enn eller lik) : 201401 ; Periode(mindre eller lik) : 201412 ;  
Firma(lik) : \$CLIENT

Konto	Konto(T)	Spesifik	Spesifik(T)	Rekneskap (1)	Oppr.bud (1)	Rev.bud (1)	Avvik (1)
16200	Avgiftsfrie salsinntekter			-18 075	-20 000	-20 000	-1 925
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-9 773	0	0	9 773
16290	Billettinntekter	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-16 800	0	0	16 800
16500	Avgiftspliktig sal av varer og teneste			0	-10 000	-10 000	-10 000
16900	Fordelte utgifter	40214	Språklunch	-20 000	0	0	20 000
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-338	0	0	338
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	40213	TJUKKASGJENGEN	-1 257	0	0	1 257
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen			-15 666	-26 191	-26 191	-10 525
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	40214	Språklunch	-610	0	0	610
17900	Interne Overføringer			-55 000	-55 000	-55 000	0
18100	Statstilskot			0	-310 000	-310 000	-310 000
18101	Statstilskot - øyremerka	40210	DANSEGALLA - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-50 000	0	0	50 000
18101	Statstilskot - øyremerka			-315 000	0	0	315 000
18101	Statstilskot - øyremerka	40020	MAT OG PRAT	-20 000	0	0	20 000
18901	Gåver			-10 470	0	0	10 470
<b>234</b>	<b>Aktivisering og servicetjenester overfc</b>			<b>455 748</b>	<b>506 556</b>	<b>506 556</b>	<b>50 808</b>
<b>4021</b>	<b>Frivillighetssentralen</b>			<b>457 541</b>	<b>506 556</b>	<b>506 556</b>	<b>49 015</b>
<b>40</b>	<b>Kulturavdelinga</b>			<b>457 541</b>	<b>506 556</b>	<b>506 556</b>	<b>49 015</b>
				457 541	506 556	506 556	49 015

Område(lik) : ; Ansvar(lik) : 4021 ; Funksjon(lik) : ; Prosjekt(lik) : ; Spesifik(lik) : ; Konto(lik) : 1\* ; Periode(større enn eller lik) : 201401 ; Periode(mindre eller lik) : 201412 ;  
Firma(lik) : \$CLIENT





Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/514
		Arkiv:	230

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
51/15	Komite for næring, kultur og idrett	07.09.2015

### **SØKNAD OM RDA- MIDLAR. KVALSVIK GRENDALAG.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 150.000 frå RDA midlane til Kvalsvik Grendalag til delfinansiering av gjestebrygge i samsvar med søknad og projektskildring, ref. mål 1.b og 1.c og 2a i handlingsplanen.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2016. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

#### **Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering**

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

#### **Kontroll**

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Kvalsvik Grendalag v/Paul Monsen, Leitevegen 37, 6098 Nerlandsøy
- Rådmannen
- Herøy Næringsforum
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i styremøtet 24. juni 2015:

*«Styret i Herøy Næringsforum innstiller i møte 24.juni kr 150 000,- til gjestehamn for Kvalsvik Grendalag. Dette er ihht. Tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2015, mål 1.b, 1.c og 2.a.»*

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 31.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0031	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
<b>Prosjektnavn</b>	Gjestebrygge Kvalsvik			

### Kort beskrivelse

Utlegging av gjestebrygge i betong, for gjestande fiske- og fritidsfartøy på kvalsvik hamn.

### Prosjektbeskrivelse

Som eit ledd i å utvikle bygda vår, ønskjer vi å anlegge ei gjestebrygge for fiske- og fritidsbåtar ved almeningskaia på kvalsvik hamn. Planen er å anskaffe ei betongbrygge, 30m lang, 2,5m brei, plassert iht. vedlagte kart. Målet er at brygga skal vere på plass og klar til sommaren 2014.

Kostnadene knyttet til prosjektet vil være planering og støyping av område for landfeste. Samt innkjøp av brygge, utlegging og anskaffelse av ankring- og fortøyingsmateriell til bryggen.

Samlet kapitalbehov vil være kr. 500 000,

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Kvalsvik Grendalag Org.nr:985671818	Kvalsvik 6098 NER	91518507
<b>Kontakt- person</b>	Paul Monsen	Leitevegen 37 6098 NER	91518507
<b>Prosjekt- leder</b>	Paul Monsen	Leitevegen 37 6098 NER	91518507

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

### Spesifikasjon

#### Bakgrunn

Hamna i Kvalsvika har med si nærheit til fiskefelta, då spesielt vinterstid, vore mykje nytta som nødhavn ved forskjellige bergingsoppdrag, som for eksempel dykkertenester og motorhavari. Hamna vert og nytta av tilreisande fiskarar og fritidsbåtfolk. Ei slik brygge vil gjere det lettare for desse gjestane.

Det har og ved fleire høve vorte arrangert "Blåturar" for til dels store selskap, både i Olaf-løa (80 pers.) og i bygda sitt eige telt (100 pers.). Desse gjestane har kome med båt, bla. frå 62 gr. Nord. Det har og vore tilfelle der ein har vore nøydd til å takke nei til arrangement, då det ikkje har passa med

flo/fjære. Desse båtane har til no våre nøydde til å legge til på almeningskaia, noko som ikkje er heilt ideelt i slike samanhengar.

Det er og trist å sjå for oss som bur her ute, at det på sommarstid kjem mange tilreisande båtfolk (av dei mange utanlandske) som etter ei runde på hamna stemnar ut moljegapet like fort som dei kom inn, grunna dårlege landings- og liggetilhøve.

Ikkje så reint sjeldant har gjestebrygge vore tema når bygdefolket møtast til sine daglege "slaberasar" nede i hamneområdet. Ikkje minst er alle samde om at det hadde skapt litt meir liv og røre i bygda vår, ikkje minst på sommaren.

### **Prosjekt mål**

Etablere ei etterlengta teneste på Kvalsvik hamn.

### **Forankring**

Prosjektet er tenkt gjennomført i samarbeid med Kvalsvik småbåtlag, som skal stå som drivar av anlegget.

Brygga er tenkt lagt ut i Kvalsvik fiskerihamn (merka H6 i arealdelen i kommuneplanen).

### **Prosjektorganisering**

Prosjektet er eit samarbeid mellom Kvalsvik Grendalag og Kvalsvik småbåtlag der småbåtlaget vil vere ein viktig bidragsyter med kompetanse ang. utlegging og drift av bryggeanlegg.

Ein vil nytte leder i Kvalsvik småbåtlag, Paul Monsen, som prosjektleder i prosjektet pga. hans kompetanse som leder i småbåtlaget.

### **Samarbeidspartnere**

Kvalsvik småbåtlag er samarbeidspartner i prosjektet. Dei skal stå som drivar av anlegget, og vil bidra med kompetanse ang. utlegging og drift av bryggeanlegget.

### **Aktiviteter**

1. Planere og støype området på land der landgang og landfesta kjem.
2. Frakt av brygger og utstyr fra leverandør til Kvalsvik hamn.
3. Utlegging av bryggene, forankring på havbotn og fortøyning.

### **Målgrupper**

Prosjektet er tenkt for følgende målgrupper:

- Fiskere
- Turister
- Reiselivsbedrifter
- Lokalfolk

### **Resultat**

Vi forventer med dette prosjektet ei aktiv og mykje nytta fiskerihamn av tilreisande fiskarar, både under torskefisket om vinteren og makrellfisket på hausten. Vi forventar og auka interesse og besøk frå tilreisande fritidsbåtar og turistar.

**Effekter**

Effektene vil vere eit aktivt og levande havnemiljø med tilreisande fiskarar på vinter og hausten, og båtturistar på våren og sommaren.

**Tids- og kostnadsplan****Tidsplan**

2013 November: Godkjenning av finansiering

2013 Desember: Bestilling av brygger

2014 April : Arbeid Starter, planering og betongarbeid.

2014 Mai : Utlegging av brygge

2014 Juni : Prosjektet fullført.

**Kostnadsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Brygger m/tilbehør	318 000					318 000
Frakt	40 000					40 000
Grunnarbeid	42 000					42 000
Montering	100 000					100 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>500 000</b>					<b>500 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Herøy kommune	500 000					500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>500 000</b>					<b>500 000</b>

**Geografi**

1515-Herøy

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Fiskarlaget Anbefaling.pdf	742 163	31.08.2013
Grendalaget Anbefaling.pdf	1 183 646	31.08.2013
Kart Brygge.pdf	4 956 771	31.08.2013
Kystverket Godkjenning.pdf	2 930 659	31.08.2013
Tilbud Ørsta.pdf	850 557	31.08.2013



**Herøy Fiskarlag**  
**Eit lokallag i**



v/Arve Myklebust  
Sævik  
6094 Leinøy

Fosnavåg 22.08.13

Kvalsvik Grendelag  
v/Paul Monsen  
6098 NERLANDSØY

### **Utlekking av gjestebrygge i Kvalsvik Fiskerihavn i Herøy Kommune.**

Vi viser til dykkar orientering vedrørende ovanfor nemnde sak. Herøy Fiskarlag har handsama saka i styret pr. telefonisk kontakt. Vi har lagt særskilt vekt på uttalingar frå medlemmar med tilknytning til Kvalsvik havn. Vi viser med dette også til tilråding i liknande saker for Kvalsvik havn.

Så langt Herøy Fiskarlag kan sjå vil ikkje tiltaket som det er orientert om ha nokon negativ innverknad på Kvalsvik havn sin framtidige funksjon som fiskerihavn. Tiltaket vil, sett frå vår ståstad, vere svært positivt med tanke på bruken av hamna som framtidig liggehavn for gjestende kystfartøy i påvente av sjøver under vinterfisket etter torsk og sei. Makrelldorgarane på ettersommeren kan også nytte havna då Kvalsvik fiskerihavn ligg nært fiskefeltet og fiskemottak i Fosnavåg.


Ei slik gjestebrygge vil også vere positiv for fritidsbåter i sommarsesongen og Kvalsvik fiskerihavn, med si strategiske beliggenhet, vil også verte mykje brukt som nødhavn både for kystfiskeflåten og fritidsfartøy.

Plasseringa av gjestebrygga, som ei forlenging av noverande almenningsskai mot hamneinnløpet, vil heller ikkje føre til negative forhold for manøvrering og bruk av havna.

Tilrettelegging av flytebrygger fører også til auka tryggleik også for fiskarane så lenge havna i all hovudsak vert nytta av kystfiskefartøy og fritidsfartøy.

Herøy Fiskarlag er med dette svært positive til at det vert gitt løyve til utlegging av gjestebryggje slik som det er orientert om.

For Herøy Fiskarlag:

  
Arve Myklebust  
Formann

  
Torbjørn Hide  
Sekretær

*Kopi sendt til Kystverket Middt Norge.*





**Kvalsvik Grendalag** vil her kome med nokre argument som vi håper blir vektlagt i ei eventuelt vurdering angående søknaden/tilskot til gjestebrygge i Kvalsvik hamn.

Punkt 1.: Hamna i Kvalsvika har med si nærheit til fiskefelta, då spesielt vinterstid, vore mykje nytta til forskjellige bergingsoppdrag, som for eksempel dykkertenester, motorhavari, osv. Nemnast bør også at bygda har fleire aktive dykkarar som tek på seg slike oppdrag. Ei slik brygge vil gjere det meir lettvinnt når slike operasjonar skal utførast.

Hamna vert også nytta av tilreisande fiskarar i sesongane, ei slik brygge ville ha gjort det lettare for desse gjestane. Då med tanke på at det er planar om å føre fram både straum og vatn på ei eventuelt gjestebrygge.

Ikkje minst viktig er det at ei slik brygge også vil tene som bølgedempar for bl.a det eksisterande småbåtanlegget i hamna.

Punkt 2.: Ved fleire høve har det vore arrangert «blåturar» for til dels store selskap (opp til 75-80 pers.). Bygda har eit mykje brukt og spesielt selskapslokale i Olaf-løda. Desse har kome sjøvegen, med bl.a. 62 gr. Nord sin båt. Her er også eit naust som kan/blir nytta til mindre «kalas» (opptil 45 pers.). Og fremst av alt eit mykje nytta telt (100 pers.) Noko ikkje minst det årlege storarrangementet «Kvalsvikdagen» er eit godt eksempel på.

Nemnast må også at vi ved eit høve har hatt førespurnad angående eit arrangement/blåtur i teltet der vi måtte takke nei på grunn av dårlege landingsforhold, vi måtte melde «pass» då det passa dårlegt med flo/fjære. Surt for oss, men ein realitet!!!

Trist er det også for oss som bur her ute å stadigt måtte sjå på at her på sommarstid kjem tilreisande båtfolk (av dei mange utanlandske) som etter ei runde på hamna stemnar ut gjennom moljegapet like fort som dei kom inn, - grunna dårlege landings-/liggetilhøve. Vel er mange av oss gjestfrie og byr dei ledige plassar i småbåtanlegget i bygda, men, det er ikkje alltid det høver seg slik, heller!

Ikkje så reint sjeldan er gjestebrygge tema når bygdefolket møtast til sine daglege «slaberasar» nede i hamneområdet. Ikkje minst er vi alle samde om at det hadde skapt litt meir «liv og røre» i bygda vår, ikkje minst på sommaren.

Vi ser for oss at ei slik gjestebrygge kunne ha vorte nytta til f.eks. båtturar som eit supplement frå det nye hotellet som no er under bygging i Fosnavåg. Også til



landhogg/bevertning for forretningsforbindelsar til dei mange reiarlaga/bedriftene i kommunen vår.

Nemast i den samanheng bør også den flotte veteranfiskebåten «Gamle Kvalstein» som har heimehamna si her ute. Den i lag med: låve, naust, telt, badestrand og ikkje minst molje-, fjøre/fyr-, fjellturar står klart og til teneste når nokon måtte ynskje det.

Punkt 3.: Vårt håp og ønske er at ei slik brygge vil gjere hamna vår meir attraktiv for gjestar som kjem sjøvegen.

Og kanskje kunne fleire av våre kreative bebuarar tilby sine heimeproduserte ting i dei spesielle nausta på sommarstid. Slikt er det for lite av i kommunen vår, og hadde vore ein attraksjon i seg sjølv. Her er mange flittige hender i allefall. Så enn om!!!

---


Til sist vil vi minne om at bygda vår «på ein måte» ligg nede, med tanke på at vi slit når det gjeld etablering/innflytting. Så vi trur og håper at blant anna ei slik gjestebrygge ville på sin måte ha vore med på å ta oss vidare, - og ikkje minst bidra til å gjere bygda vår meir attraktiv å bu i, og få auka bulyst i folket.

Helsing,


Kvalsvik Grendalag,

v/Paul Monsen

*Paul Monsen*









Revidert 22.08.2018

Vi takker for henvendelsen vedrørende forespørsel på marinautstyr.

Vik Ørsta AS er markedsleder på flytebrygger og marinaanlegg i Norge gjennom merkevarenavnet Ørsta Marina Systems. Vi har en solid og langsiktig eier i Saferoad. Vår lange erfaring spiller seg i en lang og landsdekkende referanseliste. Våre kundemålinger viser høy kundetilfredshet.

Vår egen utviklingsavdeling arbeider kontinuerlig med å optimalisere vårt produktsortiment. Våre produkter er gjennomtestet og dokumentert. Det samme er produktenes lange levetid.

Kjøper du Ørsta Marina Systems utriggere får du :

- ✓ Fullfendring som standard (integret) -gjelder Futura konseptet
- ✓ Lave vedlikeholdskostnader
- ✓ Unik overflatebehandling
- ✓ Markedets mest solide hengsler
- ✓ Gode produktgarantier

Basert på de foreliggende opplysninger og dokumentasjon fra Dere, har vi med dette gleden av å kunne tilby følgende utstyr etter spesifikasjoner:

### 1. Leveringens omfang

#### Betongbrygge med forankringsutstyr

1	stk	5000186CC	Gangbar utrigger med tredekke HR, 2011	8,25m (0,60)	17 810	25 %	13 358
1	stk	5002357CC	Hengsle for trefender (1par) std , 2011	128x148mm	960	25 %	720
1	stk	500012004	Futura brygge - inkl. 4 luker(fl.h=0,5m) E	2,4x14,4x1,0	123 410	25 %	92 558
1	stk	500012005	Futura brygge - inkl. 4 luker(fl.h=0,5m) E	2,4x15,6x1,0	130 600	25 %	97 950
1	stk	5001322E	Opsjon Endefender 2,4m	2,4m	1 670	25 %	1 253
1	stk	5000435CC	Landgang m/tredekke (150kg pr m2)	8x1,5m	37 040	25 %	27 780
128	stk	5000714	Oppspenning wire	0,62 inch	120	25 %	11 520
4	stk	82002684	PUR buffer(184x70x250mm) for betongbrygge		2 490	25 %	7 470
1	stk	5002400	Wirelås komplett for 4 stk wirer		12 590	25 %	9 443
220	stk	5001938	Tau (Danline)	ø 32mm	40	25 %	6 600
60	stk	5001952	Kjetting langlenket	ø 25mm	370	25 %	16 650
8	stk	5001972	Ploglodd (TT)	1800 kg	3 280	25 %	19 680
1	stk	5001080	Deler til landstrekkfeste, u/kjetting		2 420	25 %	1 815
1	stk	5000917	Landstrekkfeste Ørsta Futura (bolt=330mm)		1 180	25 %	885
1	stk	5002208	Strømpullert, Pile Cap lys, 4K4SL4JO	800mm	11 150	25 %	8 363
1	stk	5000748CC	Slangestativ betongbrygge m/oppheng m/30m slange		3 170	25 %	2 378
<b>Pris NL01 EXW</b>							<b>318 420</b>

Sum levert NL01 eks. mva. KR 368 740,-

Sum levert og montert NLM02 eks. mva. KR 464 637,-

Alle priser er eks. mva.









Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/1811
		Arkiv:	243

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
52/15	Komite for næring, kultur og idrett	07.09.2015

### **SØKNAD OM RDA-MIDLAR. OPPGRADERING AV BARNE- OG UNGDOMSLOKALE HERØY FRIKYRKJE.**

#### **Tilråding:**

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 200.000 frå RDA midlane til oppgradering av barne- og ungdomslokala i Herøy Frikyrkje i samsvar med søknad og projektskildring, ref. mål 1.b og 1.c og 3a i handlingsplanen.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2016. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.



### Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

### Særutskrift:

- Herøy Frikyrkje, Igesundveien 18, 6090 Fosnavåg
- Rådmannen
- Herøy Næringsforum
- Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

- Søknad

**Saksopplysninger:**

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i styremøtet 24. juni 2015:

*«Styret i Herøy Næringsforum innstiller i møte 24.juni kr 200 000,- til oppgradering av barne- og ungdomslokala i Herøy Frikyrkje.. Dette er ihht. Handlingsplan for 2015, mål 1.b, 1.c og 3.a.»*

**Vurdering og konklusjon:**

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 31.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2014-0062	<b>Søknadsår</b>	2014	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
<b>Prosjektnavn</b>	Oppgradering av barne- og ungdomslokaler			

### Kort beskrivelse

Herøy Frikyrkje søker om støtte til å fullføre oppgradering og møblement av barne- og ungdomslokaler.

### Prosjektbeskrivelse

Herøy Frikyrkje kunne i 2011 flytte inn i eit nytt/utvida kyrkjebygg. Bygget som er på 1200m2 hadde ei kostnadsramme på 23 millionar kroner som i all hovudsak (ca. 20 millioner) vart dekt av kyrkjelyden sine medlemmar. Ettersom Herøy Frikyrkje er eit privateid kyrkjebygg fekk vi liten offentlig støtte i samband med utbygginga.

Ferdigsstilling av vår barne- og ungdomsavdeling vart på bakgrunn av avslag i vår søknad om RDA midlar i 2011 satt på vent, men på grunn av stor aktivitet har vi bestemt å ferdigsstille dette nå.

Herøy Frikyrkje har sidan starten i 1912 drevet eit omfattande barne- og ungdomsarbeid og har både ei rik historie og vore ein sentral møteplass for ungdom i sentrum, slik det framleis vil vere ein viktig arena for barn og unge i framtida.

Eit blikk på barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden synger ca. 300 barn og unge som møtes jamleg til ymse aktivitetar som søndagsskule, to barnekor, speidar, ungdomsgruppe, gospelkor, konfirmantarbeid og familiegudstenestar. Vårt arbeid er i jamn vekst og vårt mål er fortsatt vekst.

For å kunne ferdigsstille ungdomsavdelinga, og behovet for teknisk utstyr til vår barne- og ungdomsavdeling søker vi om kr. 250000.

Vi syner til "Lokal handlingsplan for Herøy 2015" og vonar Herøy Næringsforum kan sjå verdien av vårt arbeid og tilbod til barn og unge og vil imøtekomme vår søknad.

I dette ligg det investeringar av typen opprustning av kjøkken i ungdomsavdeling, ventilasjon til ungdomsavdeling, nytt teknisk utstyr til barne- og ungdomsavdelingen og noko møblement.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Den Evang. Luth. Frikyrkja, Herøy Kyrkjelyd Org.nr:971369973	Igesundveien 18 6090 FOSNAVÅG	90061511
<b>Kontakt-</b>	Erhard Hermansen	Igesundveien 18	90061511

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
person		6090 FOSNAVÅG	
Prosjekt- leder	Erhard Hermansen	Igesundvegen 18 6090 FOSNAVÅG	90061511

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

I samband med utbygging av kyrka, som hadde ein kostnadsramme på ca. 23 millionar kroner fekk vi statlege og kommunale tilskot på ca. 1 millon, og frå Frikyrkja sentralt på 1,4 millionar. Det resterande vart dekt gjennom gåver og lånoptak.

Det er ikkje søkt om støtte andre stader til oppgradering av barne- og ungdomslokalar.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Se tidligere beskriving av prosjekt.

### Prosjekt mål

